

Barne- og familiedepartementet, 5. mai 2022:

Fastsetting av sats for berekning av statstilskot til trus- og livssynssamfunn utanom Den norske kyrkja 2022

Satsen for berekning av statstilskot for 2022 er fastsett til: **1 353 kroner per medlem**.

Tilskotssatsen er fastsett i samsvar med [forskrift om registrering av og tilskot til trus- og livssynssamfunn](#) (trussamfunnsforskrifta) § 8, jf. [lov om trus- og livssynssamfunn](#) (trussamfunnslova) § 5 fjerde ledd.

Berekningsgrunnlaget for satsen utgjer **4 767 286 134 kroner**. Beløpet består av ein statleg og ein kommunal del. Den statlege delen utgjer 2 322 378 376 kroner og den kommunale delen 2 444 907 758 kroner.

Den norske kyrkja (Dnk) sitt medlemstal per 1. januar 2022 er **3 524 779**.¹

Statleg del av berekningsgrunnlaget

Den statlege delen av berekningsgrunnlaget kjem fram ved at beløpet som utgjorde den statlege delen av berekningsgrunnlaget i fjorårets tilskotssats, blir justert opp eller ned tilsvarende den prosentvise endringa i statsrekneskapens kapittel 880 post 70 (rammetilskot til Den norske kyrkja) frå 2020 til 2021. Beløpet som kjem fram, blir deretter justert opp eller ned tilsvarende den kronemessige utviklinga i nettobidraget frå Opplysningsvesenets fond til drifta av Den norske kyrkja frå 2019 til 2020.

Statleg del av berekningsgrunnlaget i 2021 (inkl. OVF-bidrag)	2 270 723 000 kroner
Endring i rammetilskotet til Den norske kyrkja frå 2020 til 2021	+ 2,68 %
Endring i nettobidraget frå OVF frå 2019 til 2020	- 9,2 mill. kroner
Statleg del av berekningsgrunnlaget i 2022	2 322 378 376 kroner

Endring i rammetilskotet til Den norske kyrka

Statsrekneskapen for 2020 , kapittel 880 post 70	2 198 279 000 kroner
Statsrekneskapen for 2021 , kapittel 880 post 70	2 257 153 000 kroner
Kronemessig endring frå 2020 til 2021	+ 58 874 000 kroner
Prosentvis endring frå 2020 til 2021	+ 2,68 %

Endring i nettobidraget frå Opplysningsvesenets fond (OVF)

OVF sine utgifter blir i sin heilskap dekkja av fondet sine inntekter. Den del av fondet sine utgifter som inneberer bidrag til drifta av Dnk, gjeld i første rekke utgifter til prestebustadane og tilskot til kyrkjeleg verksemd.

Nettobidrag i 2019	75,6 mill. kroner
Nettobidrag i 2020	66,4 mill. kroner
Kronemessig endring frå 2019 til 2020	- 9,2 mill. kroner

¹ Tilhøyrige og utvandra medlemmer er utelatne, jf. endringar som følgje av trussamfunnslova og trussamfunnsforskrifta som tok til å gjelde 1. januar 2021.

Berekning av nettobidraget i 2020

Dei aktuelle utgiftene er berekna med bakgrunn i OVF sitt rekneskap for 2020, sjå s. 14 i [OVF sin årsrapport for 2020](#).

Nettotilskot til kommunane for å halde prestebustadar	4,1 mill. kroner
Nettoutgifter til vedlikehald av OVF sine prestebustadar ²	19,1 mill. kroner
IKT-tilskot og subsidierte utlån	17,7 mill. kroner
Tilskot til kyrkja via Kyrkjerådet	25,5 mill. kroner
Sum	66,4 mill. kroner

Kommunal del av berekningsgrunnlaget

Den kommunale delen av berekningsgrunnlaget kjem fram ved at beløpet som utgjorde den kommunale delen av berekningsgrunnlaget i fjorårets tilskotssats, blir justert opp eller ned tilsvarende den prosentvise endringa i dei netto driftsutgiftene ført på kommunerekneskapen funksjon 390 (Den norske kyrkja) frå 2020 til 2021.

Kommunal del av berekningsgrunnlaget i 2021	2 377 158 734 kroner
Endring i kommunane sine driftsutgifter til Den norske kyrkja frå 2020 til 2021	+ 2,85 %
Kommunal del av berekningsgrunnlaget i 2022	2 444 907 758 kroner

Endring i kommunane sine driftsutgifter til dei kyrkjelege fellesråda i Den norske kyrkja³

Netto driftsutgifter på funksjon 390 i 2020	2 778 970 000 kroner
Netto driftsutgifter på funksjon 390 i 2021	2 858 066 000 kroner
Kronemessig endring frå 2020 til 2021	+ 79 096 000 kroner
Prosentvis endring frå 2020 til 2021	+ 2,85 %

² I 2020 budde det ein prest frå Dnk i 42 % av OVF sine prestebustadar. Derfor inngår 42 % av nettoutgiftene til vedlikehaldet av OVF sine prestebustadar, som var på 45,4 mill. kroner, i berekninga av nettobidraget.

³ Kjelde: [Statistisk sentralbyrå](#).